



Det var eit knapt fleirtal i formannskapet for stopp i Herøysund eller Uskedalen.

**Etter framlegg frå Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) har formannskapet med fem mot fire røyster gått inn for at Rosendalsruta legg inn ein stopp i Uskedalen eller Herøysund. Men vedtaket går også ut på at snøggåten framleis beheld anløp av Os eller stoppar der.**

Myklebust fekk støtte av Framstegspartiet, Venstre, US og Kristeleg Folkeparti.

- Eg har ikkje nokre sterke meiningar om Herøysund eller Uskedalen som stoppestad, men trur kanskje at Herøysund er eit betre alternativ, sa han i formannskapet.

Han minte om at kommunestyret i juni i fjor - med unntak av ein representant - gjekk inn for stopp i Herøysund.

Det som har skjedd så langt med det nye ruteopplegget er etter Myklebust si meining eit tilbakeskritt for resten av Kvinnherad.

Gunnar Vaage (Sp) gjekk inn for at ruta skulle få ein stopp i Uskedalen for å bli eit betre tilbod for fleire kvinnheringar, og kalla dette eit kompromiss. Framlegget hans gjekk ut på å sløyfa Os.

Han hadde også framlegg om at det vert lagt opp til ein ny tur om kvelden for å innfri næringslivet sine behov.

- Hvis vi sparer tid om dagen, kan det bli erstatta med ei sein kveldsrute, meinte han. Arbeidarpartiet, Høgre og Senterpartiet slutta seg til Vaage sitt syn.

Tidlegare ordførar Bjarne Berge (TS) var oppteken av at politikarane samla seg om ei innstilling.

– Vi har slete med ulikt syn på ruteopplegga, meinte han, som gjekk inn for stopp i Herøysund.

Ove Benjaminsson (KrF) meinte at hvis ruta legg inn ein stopp lenger ute i kommunen, vil trafikkgrunnlaget bli atskillig større.